

SCRAP- BOOK

VOSS


RO-

KLUBB

STOTT
Voss Rokubb!



STOTT
Voss Rokubb!





Vann vandrepokalen i Fanaregattaen

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

ROING: Voss sikra seg vandrepokalen i dobbeltsculler junior B (opp til 16 år) i Fanaregattaen sundag. Med Ingeborg Hoel Rekve og Inger Geitle Midttun i båten, sikra Voss Roklubb den tredje sigeren på rad.

Voss RK gjorde det godt i sesongavslutninga i Fana. I dobbeltfirar stilte fire båtar med jenter til start. Voss hadde ein i junior A (18 år) som vann føre Voss sin båt i junior B. Dobbeltsgjengen og to klassevinnarar.

Ingeborg Hole Rekve vann elles singelsculler i junior B. I dobbeltsculler junior A vart Anny Mina Lyngstad og Heidi Jacobsen nummer to og Siri Midttun og Torunn Grove nummer tre.

I singelsculler junior C (14 år) vart Åsne Brita Bjørnstad nummer to og Synne Persen nummer fire.

Sist helg var det sprint-regatta på Os. Då var distansen 500 m, mot 2000 m som er vanleg distanse i roing.

På Os vann Ingeborg Hoel Rekve singelsculler junior B. Saman med Rønnaug Lillet-

veit vann ho òg dobbelsculler. Heidi Jacobsen vart nummer to, tidelen bak vinnaren i singelsculler junior A. Saman med Anny Mina Lyngstad var ho òg nokre få tidelar frå sigeren i dobbeltsculler.

På Os deltok og fire jenter frå Voss RK i mixed dobbeltsculler, saman med kvar sin gut frå Os Roklubb. Samarbeidet fungerte glimrande og resulterte i 2.- 3.- 4.- og 6. plass.

– Det starta litt tungt i år med is på Vangsvatnet langt utpå våren og mykje dårlig vær, men sesongen sett under eitt vart bra. Høgdepunktet var sylvmedaljen til dobbeltfiraren i junior-NM. Jentene gjorde òg ein kjempeinnsats i Ungdomsmeisterskapen i Horten i haust, oppsummar trenar Truls Ingebrigtsen.

– No må me få fart på rekrutteringa, både for å få med guitar og fleire jenter. I sommar har me hatt 12-13 aktive, fortel Truls Ingebrigtsen.

september 94

6 Hordaland tysdag 6. september 1994

Fem vinnarbåtar frå Voss i Ungdomsmeisterskapen

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

Voss Roklubb stilte med 10 jenter i Ungdomsmeisterskapen i roing i Horten 3.-4. september. Alle jentene var med i ein eller fleire vinnarbåtar!

– Resultata vart i overkant av forventa. Ikkje minst dei yngste jentene våre overraska positivt. I år vart me nest beste klubb, eitt poeng bak

Horten Roklubb, og sigeren hadde vore vår om me ikkje hadde hatt eit uhell med eine båten. I fjor vann me samanlagt, men einskild-resultata var betre i år. I år fekk me fem sigrar, mot fire i fjor, fortel trenar og lagleiar Truls Ingebrigtsen.

I klasse Junior C, opp til 14 år, vann Åsne Brita Bjørnstad og Synne Persen dob-

beltsculler. I junior B (15-16 år) vart det siger til firaren med Katrine Osgjerd, Rønnaug Lilletveit, Inger Geitle Midttun og Ingeborg Hoel Rekve i båten. Inger og Ingeborg vart nummer to i dobbeltsculler, og Inger vann singelsculler nokre tidelar før Ingeborg.

I junior A (17-18 år) vart det og siger til firaren. I denne

båten sat Siri Midttun, Torunn Grove, Heidi Jacobsen og Anny Mina Lyngstad. Heidi og Anny Mina vart nummer to i dobbeltsculler. Anny Mina vann singelsculler klart. Heidi var uheldig med båten og måtte bryta i singel sculler.

NM, Stavanger 94 (juni)

NM-sylv til Voss sin dobbelfirar

Dobbelfiraren frå Voss Roklubb rodde inn til ei fin sylvmedalje i juniorklassen i NM i Stavanger med helga. Båten med Inger Geitle Midttun, Anny-Mina Lyngstad, Heidi Jacob-

GEIR GEITLE

– Eg trur spesielt Ålesund var skuffa over at vossabåten vart for sterkt. For jentene er NM-sylvet ei veldig fin oppmuntring, etter mykje slit denne sesongen. Me kom seinst på vatnet på grunn av isen, og deretter har det vore utruleg mykje ruskavêr og därlege treningstilhøve, seier trenar Truls Ingebrigtsen.

– NM-innsatsen har mykje å sei for sesongen vidare. Dette gjev jentene det puffet dei treng, seier han.

Stor utvikling

På landsbasis har det skjedd ei enorm utvikling på jente-sida dei siste åra. Det er god rekrytting, større breidde og hardare konkurranser.

Voss Roklubb har vore ein av dei fremste til å få fram rojenter, og Ingebrigtsen synest det er berre positivt at fleire no kjem etter.

– Jentene i dobbelfiraren var veldig opptatt av oppgåva og stressa kanskje litt. Teknikken og flyten i båten er største skilnaden i høve til Christiania denne gongen. Vår båt er meir hakket, men det er slik som går an å beta, og då vil båten gå fortare, seier Ingebrigtsen.

Litt bittert

Eitt av dei andre måla til Voss var at dobbelkulleren med Inger Geitle Midttun og Anny-Mina Lyngstad skulle nå finalen. Det gjekk ikkje og var i fylge Ingebrigtsen litt bittert.

– Vår båt kom i heat med veldig gode båtar og vart utslått med to sekundars margin. Tidmessig var vår båt likevel mellom dei seks beste, og jentene hadde fortent ein finaleplass. Løpet deira var dessutan ei klar betring i høve til før i år. Dei gjorde ein god innsats og eit realt forsök.

I dobbelkuller deltok også Heidi Jacobsen og Torunn Grove, men dei vart greitt slått ut. I singlesculler deltok både Heidi og Anny-Mina, men også dei gjekk ut etter forsøka.

sen og Siri Midttun vart slått av Christiania, men nådde målet sitt med 2. plass, og fossa inn med klar margin framføre sterke klubbar som Ålesund og Fana.



NM-sylv med heim frå Stavanger for Inger Geitle Midttun (t.v.), Anny-Mina Lyngstad, Heidi Jacobsen og Siri Midttun. Ei fin oppmuntring etter mykje slit.

Tre NM-gull i roing til Janka Nakken

Janka Nakken frå Voss, som i år representerer Christiania Roklubb, kunne jubla over tre gull i NM i roing i Stavanger med helga. Gullmedaljene ok ho med suveren listanse bakover, i ein konkurransse som vert tadtig hardare. Ho har iatt ei enorm utvikling lenne sesongen, og det gjer ho til den fyrste vossing som har teke NM-gull i roing for senior. Rett før helga fekk Janka også klarsignal til å representera Noreg i Nations Cup i Paris 23. og 24. juli.

GEIR GEITLE

Janka drøynde om gull under NM på Voss i fjor, men måtte noya seg med sylv. Desato betre smakte revansjen som kom på Stokkevatnet i Stavanger med helga.

– Å vinna singlesculler var stort. Eg var veldig tilfreds både med at eg vann og at eg diskanterte Anita Pryme, Fana, på 2. plass med over 18 sekund. Publikum møtte meg med «bølgen» og klapping då eg la til bryggja, og det er klart det er moro, fortel Janka.

I tillegg tok ho gull i dobbel-sculler saman med Charlotte Wilhelmsen, og gull i dobbelfirar saman med kongepokalvinnaren Cathrine Wilhelmsson, syster hennar Charlotte, og Esther Verburg.

Klubbskifte

Janka er svært glad for at ho melder seg inn i Christiania Roklubb i vinter. I fjor trente ho med Christiania og rodde for Voss, men ho er ikkje i tvil om det er el langt betre løysing å mælda seg over, og at ho no



Janka Nakken – vandrepokal og tre NM-gull i handa etter ro-NM i Stavanger med helga. No er ho klar for Nations Cup i Paris. (Foto: Arild Nakken)

haustar fruktane av dette.

– Det ville vore for tungvint å representera Voss, når eg bur 50 mil unna. Då måtte eg nesten ha vore min eigen klubben og hadde måttå ordna alt sjølv, seier ho.

Mental trening

I tillegg til mykje betre kvalitet på treninga på vatnet, har Janka hatt stort utbyte av veka også ei heiltidsstudent ved på Universitetet i Oslo.

– I tankane mine hadde eg

vunne dette løpet eit par gonger før eg gjekk i mål i Stavanger sundag! Ved påsketider lærte eg teknikken med å slappa heilt av, og deretter skapa bilete av teknikken eg ynskjer å ha. Eg førebuar meg også mykje betre på alt som kan tenkjast å skje under eit løp. Eg tenkjer mykje meir positivt enn før, og har stor tru på den mentale treninga, fortel Janka.

No sér ho fram til å ro i Paris om ein månad. – Å ro i utlandet er skikkeleg artig og spennande. Eg er litt spent på korleis det går i eit løp med tøffare motstand. Her heime har eg i år ofte hatt bra kontroll etter 500 meter, men i Paris må eg køyra full pinne frå start til mål, fortel ho.

Gjev seg?

Om ho held fram til neste år

er likevel ikkje sikkert. Egentleg hadde ho tenkt at dette skulle verta siste sesongen.

– Men når eg får slik framgang, gjev det inspirasjon til å ta ein ny sesong. Men slik eg driv no, med heiltidsstudiar og mykje trening, kan det ikkje halvlgjort, og eg får sjå om det kjem nok tilbod gjennom roforbundet, seier den glade trippel-vinnaren frå Voss.

juni 94

Bra roing på Husnes

Voss Roklubb sine 10 deltagarar sikra klubben sju Krinsmeisterskap på Husnes laurdag. Sundag vart det sju nye sigrar i regattaen med namnet Husnessprinten.

Det var nok litt tynn deltaking, grunna tett stemneprogram, men me er godt nøgde. Sju KM-titlar er det same som i fjor. Blant våre jenter viste Åsne Brita Bjørnstad stor framgang. Ho slo

jenter som er både to og tre år eldre. Heide Jacobsen overraska også positivt på Husnes, fortel trenar Truls Ingebrigtsen.

Dei åtte andre, som og sto for god innsats på Husnes er: Solbjørg Liland, Inger Geitle Midttun, Ingeborg Hoel Rekve, Katrine Osgjerd, Rønnaug Lilletvedt, Siri Midttun, Torunn Grove og Anny-Mina Lyngstad.

august 94

Voss Roklubb bra i Kongsvinger

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

Voss Roklubb hadde sju deltagarar med på to regattaer i Kongsvinger med helga. Og trenar Truls Ingebrigtsen rapporterer om bra resultat, spesielt laurdag. Sundagen vart delvis øydelagt grunna mykke vind og uhell med båtar.

I Vingersjø-regattaen laurdag vann Voss dobbeltsculler i damer junior B (inntil 16 år). I båten sat Inger Geitle Midttun og Ingeborg Hoel Rekve. Båten med Katrine Osgjerd og

Rønnaug Lilletvedt i same klasse enda på 3. plass.

Det vart og siger i dobbeltfirar damer junior B. I denne båten sat dei fire nemde jentene.

I damer junior A (inntil 18 år) vart det 3. plass i dobbeltsculler. I denne båten sat Torunn Grove og Anny Mina Lyngstad. I singelsculler vart det 3. plass på Heidi Jacobsen.

Sundag var det Noregscup same stad. I dobbeltsculler damer junior A stilte Voss med to båtar, men i den kraftige vinden vart båten

til Inger Geitle Midttun og Anny Mina Lyngstad fylt med vatn rett før start, slik at dei måtte bryta etter kort tid. I same løp enda Heidi Jacobsen og Ingeborg Hoel Rekve på 3. plass. I singlesculler vart det 3. plass på Heidi Jacobsen.

Etter dei fyrtre løpa vart banen korta ned frå 2000 meter, som er vanleg, til 500 meter. I dobbeltsculler damer junior B vart det her 4. plass for Rønnaug Liletvedt og Katrine Osgjerd.

I dobbeltfirar damer junior A hadde Voss Roklubb

planar om å visa musklar, men i lånt båt vart dei råka av uflaks. Båten gjekk raskt i leiinga, men feil på utstyret resulterte i at ei åre løysna. Dermed full stopp, og siste båt i mål. På 500 meter vart det ikkje tid til å ta att det tapte.

I mixed double vart det derimot full klaff i samarbeid med gutane frå Os Roklubb. Inger Geitle Midttun var med og vann klassen. Ingeborg Hoel Rekve med makker frå Os enda på 5. plass.

juni 94

SPORT



Janka vann Scandinavian Open

Janka Nakken fra Voss, som no representerer Christiania Roklubb, gjekk heilt til topps i singlesculler i Scandinavian Open på Årungen laurdag.

E.
n
0
GEIR GEITLE

Janka var temmeleg suveren, og vann med om lag fire sekund framføre ein finsk båt på 2. og ein svensk båt på 3. plass.

Sundag rodde Janka eit endå betre og sterkare løp, men måtte då nøya seg med 2. plass. Janka leia heilt til det var 2-300 meter att, men då gleid Kristine Klaveness forbi. I mål skilde fire tidels sekund mellom dei – eller rundt 70-80 centimeter.

Kristine Klaveness fra Christiania var forresten Kongepokalvinner under NM i roing på Voss i fjor sommar. Då slo ho Janka med vel 16 sekund i singlesculler, så det er ingen tvil om at Janka har hatt veldig fin framgang denne sesongen. Truleg er ho no mellom dei fire-fem beste i Norden.

Anny-Mina

Også ei anna vossajente var på Årungen med helga – Anny-Mina Lyngstad, som gjorde ein flott innsats i ein dobbelfirar fra Hordaland Roklins.

Anny-Mina sin båt tok laurdag 2. plass i klasse junior A,



Janka Nakken var suveren i singlesculler under Scandinavian Open på Årungen laurdag. (Arkivfoto: Geir Geitle)

som var ein god prestasjon. Dei var 15 sekund bak vinna-ren, Christiania Roklubb, men framføre t.d. den finske båten.

Sundag kom båten til Anny-

Mina inn på 3. plass. Då fungerete det ikkje fullt så godt, og dei finske jentene kom inn fire-fem sekund framføre.

Komande helg er det nytt stort rosteme, Austlandsre-

gattaen, også den på Årungen. Her kjem heile gjenger fra Voss Roklubb til å delta. Om 14 dagar er det klart for høgdepunktet så langt i sesongen: NM i Stavanger.

Rokrins-leiarane irriterte på fylkes-politikarane

– stadige forseinkingar for anlegget på Voss

– Dersom ikkje fylkespolitikarane i Hordaland snart tek ansvar for å byggja opp roanlegget på Voss, så får me berre leggja ned alt som heiter roing her i krinsen! Det er anleggsansvarleg Harald Aasebø i Hordaland Rokrins som seier dette til «Horda-

land». Aasebø og formann i Hordaland Rokrins, Hans Bru, ser seg leie på den unnvikande rolla som dei meiner fylket til no har spela for å få ferdig roanlegget på Vangsvatnet.

GEIR GEITLE

– Me burde vore komne mykje lenger med roanlegget enn me er pr i dag. Og ansvaret for det ligg på fylket, meiner Hans Bru og Harald Aasebø.

Dei presiserer at roanlegget på Voss er vedteke som eit fylkesanlegg. Difor er det fylket sitt ansvar å byggja det opp. Og medan anlegget står her berre provisorisk, arbeider rokrinsen for å få både NM i 1995 og junior-Nordisk i 1996 til Voss.

– Anlegget på Voss ligg på topp på prioriteringane i idrettskrinsen. Likevel har fylket vridd seg unna fleire gonger, og i staden omfordelt midlar til ballidretts-anlegg i sentral-Bergen, seier Hans Bru og Harald Aasebø.

– Den einaste av fylkespolitikarane som har vist ansvar til no, er fylkesordførar Magnar Lussand. Han har hjelpt oss, og fortener full honnør, legg dei til.

Tungt for rokrinsen

Til no har Hordaland Rokrins lagt ned 700.000 kroner i anlegget på Voss. Til samanlikning har Hordaland fylke berre lagt på bordet 200.000 kroner, medan Voss kommune har gått inn med 100.000. Voss har også vedteke å gå inn med ytterlegare 150.000 den dagen Hordaland fylke legg på bordet pengane som skal koma derfrå.

– At me i rokrinsen har lagt ned så mykje her, utan tilsva-



– Me gjev ikkje opp å få på plass fylkesanlegget for roing på Vangsvatnet, sjølv om me føler me stangar hovudet i veggen, seier formann Hans Bru (t.v.) og anleggsansvarleg Harald Aasebø i Hordaland Rokrins.

rande ytingar frå fylket, er ei tung belastning for rokrinsen. Me går ikkje leie, men me stangar hovudet i veggen, og føler at me ikkje kjem vidare, seier Bru og Aasebø.

Eit stadig argument frå fylket mot å setja i gang for fullt har vore den manglande avklaringa for kvar stamvegtunnelen bak Voss skal få sitt innslag. Rokrinsen er difor svært interessert i å få ei av-

klaring i denne viktige saka.

Hardare

– Me er byrja å verta småforbanna på politikarane. Til no har me stått med lua i handa og vore snille, men no kjem me til å stå hardare på for anlegget på Voss. Totalt er det snakk om investeringar på 7,2 millionar kroner. For Voss er denne investeringa betydeleg, og det er

nesten snakk om å byggja opp ei verksmed her, seier Hans Bru.

Dei peikar på at roidretten denne helga samla 110 deltarar på Voss. Dei trekkjer fram at dette er ein stor sosial aktivitet, i tillegg til idrettsutøvinga. Dei understrekar også at roing som kultur har lange tradisjonar

Framhald siste side 1

HUGS 1000-TIPSET

56 51 14 97

mai 94

Voss, mai 94

Hordaland onsdag 25. mai 1994 5

SPORT



Nytt, strålende rostemne

Historisk dameåttar på Vangsvatnet

Vangsvatnet var arena for eit nytt, strålende rostemne i pinsehelga. Nok ein gong smilte ver, me til roarane, og dermed var tilhøva så iælle som dei kunne vera. 110 deltagarar

frå Ålesund i nord til Stavanger i sør storkoste seg, og var også vitne til den første dameåttarregattaen i historien på Voss, og truleg den einaste i landet i år.

GEIR GEITLE

Attar er sjølv flaggskipet innanfor rosparten, og Fana Roklubb stilte med ein rein åttar frå eigen klubb i Vestlandsmeisterskapet sundag. Den andre åttaren vart sett saman av fem jenter frå Voss Roklubb, to frå Aalesund og éi frå Os. Fana-jentene vart litt for sterke, og rodde inn vel 8 sekund føre båten med vossajentene.

Det var moro å prøva. Men me har rodd åttar berre inn i gong før på trening, så det var ikkje heilt enkelt å halda akten utover i løpet, fortel Ingeborg Hoel Rekke, to av vossajentene som var med i båten tillegg rodde Nina Ingebrigtsen, Anny-Mina Lyngstad og Torunn Grove.

To VM-gull

I Vestlandsmeisterskapet art det to sigtar til Voss Roklubb. Ivar Geitile Midttun og Ingeborg Hoel Rekke

gjekk til topps i dobbelsculler i junior B – dvs. klasse 15 og 16 år. Dei to var heilt suverene i feltet med i alt fem båtar, og viste stor styrke.

Ingeborg Hoel Rekke tok også det andre Vestlandsmeisterskapet til Voss. Ho vann plastsculler, 1,24 sekund framføre Inger Geitile Midttun i feltet på i alt fem roarar. Ny sterkt roing, før dei til slutt også kasta seg ut i åttaren mot slutten av dagen...

Mangla rotrening

– For vossajentene var det veldig tydeleg at me mangla rotreningen i vatnet. Isen førte til at vi ikke kom i gang med teknikken enno, sa Inger Geitile Midttun.

– Den manglende rotreningen gjør at teknikken enno ikke er god nok. No går det på kraft i staden for god vasskjensle. Men om eit par veker kjem det seg vesentleg. Vossajentene kan nemleg betre

enn dei presterer med helga, seier Ingeborg.

– Det var skikkeleg positivt med sigeren i dobbelsculler, der Inger og Ingeborg rodde bra. Elles i junior C (under 14 år) synest eg Åsne Brita Bjørnstad og Synne Persen gjorde ein god innsats med 2. og 3. plass i plastsculler. Anny-Mina Lyngstad var god, men skuffa kanskje litt på grunn av manglende rotrening med 3. plass i singlesculler.

Hol i båten

Dobbelfiraren skuffa også litt, og den har nesten ikkje rodd, fordi båten har vore øydelagt. Einkvan har kasta ein stein inn gjennom vindauge i dei gamle bussgarasjen, og steinen laga også hol i båten, fortel Ingeborg.

Av plasseringar i Vestlandsmeisterskapet elles, vart Ronnaug Lillevedt og Katrine Osgjerd nr 3 i dobbelsculler i junior B. Nr 3 vart også Siri Midttun og Torunn

Grove i junior A. Dobbelfiraren med Siri Midttun, Torunn Grove, Heidi Jacobsen og Anny-Mina Lyngstad vart nr 2 etter Ålesund. Heidi Jacobsen sikra seg ein 6. plass i singlesculler i junior A.

Gjekk rundt

I Voss i Sentrum-regattaen mandag tok dobbelfiraren ein fin siger. Båten, med Torunn Grove, Heidi Jacobsen, Inger Geitile Midttun og Ingeborg H. Rekke, rodde i mål nesten 10 sekund føre Ålesund.

Elles oppstod ei litt dramatisk hending då Ronnaug Lillevedt og Katrine Osgjerd gjekk rundt med båten rett før mål. Dei fekk seg ein iskald dukkert, men heldigvis var det fylgebåt i nærleiken, som plukka dei opp straks, og det var ingen fare for dei.

Då kantringa skjedde låg dei på 2. plass, og heldt nett på å gå opp i teten då iveren vart for stor, og årene vart -hangande att i vatnet.



Vestlandsmeistrane frå Voss: Inger Geitile Midttun (t.v.) og Ingeborg Hoel Rekke kan gje kvarandre ein god klem etter gull i dobbelsculler. Ingeborg tok også det andre gullet til Voss – i plastsculler.



Janka vann Noregscup


Janka Nakken frå Voss hadde si beste sesongperiode nokon gong då ho med helga vann to løp i Noregscup-opninga i roing i Sarpsborg. Sundag vann ho sprinten over 500 meter i singlesculler i eit durabeleg spurtoppgjær, der tre jenter gjekk over mål på same sekundet. Men altså med Janka først – og svært positivt, ettersom ho aldri har vunne ein sprint før.

2. pinsedag vann ho både forsøk og finale på 2000 meter, med fire sekund føre hardaste konkurrent. Eit løp som varslar at Janka er betre førebudd til sesongen enn nokon gong.

Neste løp for Janka er Scandinavian Open på Årungen om 14 dagar. Det deltek også Anny-Mina Lyngstad frå Voss i ein dobbelfirar frå Hordaland Dolkværn.

To sylv til Voss i ro-NM

To sylvmedaljer vart fangsten til roarane frå Voss under ein praktfull NM-dag på Vangsvatnet laurdag. I strålende solskin og med ideelle vindtilhøve rodde først vossabåten med Anny-Mina Lyngstad, Ingeborg Hoel Rekve, Olaug Mala og Inger Geitle Midttun inn til sylv i dobbelfirar. Deretter tok Janka Nakken sylv i singlesculler, berre slått av Kristine Klaveness, Christiania, som stod i ein særklasse på kvinnesida i ro-NM.



Gode vossaresultat i ro-NM, og bygda kan føya nok eit vellukka arrangement på lista.

Ro-NM er i gang Sept-93



— Idrett på toppen, og god underhaldning for publikum, lover Arild Nakken i Voss Roklubb før Noregsmeisterskapet i roing startar på Vangsvatnet i dag.

(Foto: Sjur Herre)

Frå klokka 9 i dag tidleg er det full rulle med ro-NM på Vangsvatnet. 141 startande frå 24 klubbar deltek, med Lars Bjønsnes og Rolf Thorsen (sylv i VM) i brodden. Dei vil fyrst ro kvalifiseringsheat, før det brakar laust med finalar utpå dagen. Arild Nakken i Voss Roklubb påpeikar at det her er idrett på toppen, og med heilt ideelle tilhøve for publikum, slik at dei får sjå innspurten nedanfor Park Hotel. Nakken oppmødar publikum på det sterkeste til å møta opp, og som kjent er det også vossingar med i medaljestriden.

Sylv til Voss i Ro-NM.




Roarane frå Voss sikra seg to sylvmedaljer i ro-NM på Vangsvatnet laurdag. Janka Nakken (biletet) rodde inn til sylv i singlesculler for senior, berre slått av Kongepokal-vinnar Kristine Klaveness. Det andre sylvet tok Voss sine damer i dobbelfirar for junior. Anny-Mina Lyngstad, Inger Geitle Midttun, Ingeborg Hoel Rekve og Olaug Mala rodde inn til ein populær 2. plass på heimebane.

Sjå side 4

Dobbelfirar i framgang

Sept -73



Vossajentene i dobbelfirar jublar etter sylvmedaljer i NM laurdag. Frå venstre Anny-Mina Lyngstad, Inger Geitle Midttun, Ingeborg Hoel Rekve og Olaug Mala.

Voss sine unge rojenter har hatt enorm framgang denne sesongen, og laurdag rodde ein av dobbelfirarane inn til sylv i NM. Rett nok vart dei slått med 21 sekundar av Christiania, med ein båt der tre av roarane deltok i VM og skaffa båten ein 4. plass tidlegare i sommar.

— For ei tid sidan slo dei oss med over eitt minutt, så me har teke godt innpå dei. Alt i alt er me veldig godt

nøgde med innsatsen vår, fortel Anny-Mina Lyngstad (16) og Inger Geitle Midttun (14), to av dei fire sylvjentene frå Voss.

I løpet laurdag opna Voss kjempegodt, og gjekk heilt opp i teten. Men så kom Christiania, og stakk etter kvart av.

Av dei fire vossajentene er det berre Olaug Mala som vert senior neste år. Dei tre andre held fram som junio-

rar, og får selskap av fleire andre lovande jenter.

— I år har NM vore det store målet, og neste år kjem me til å jobba mot deltaking i junior-nordisk. No trenar me fire-fem gonger for veka — i sesongen stort sett på vatnet, og om vinteren er det styrketrenings og løping. Trenarane våre stiller opp og gjer ein veldig god jobb, men Anny-Mina Lyngstad og Inger Geitle Midttun.

Kristine Klaveness sikra seg totalt tre NM-gull, og fekk også Kongepokalen for løpet der ho slo Janka Nakken med 14,4 sekund. På herresida gjekk Kongepokalen til Kjetil Undset frå Stavanger, etter at han i singlesculler utklassa toppnamn som Lars Bjørnes og Rolf Thorsen.

«Veldig bra»
Og begge to Kongepokal-

vinnarane var strålande tilfreds med NM på Voss.

— Eg var her på NM i 1988, og det var ei dårleg oppleveling med sterkt vind og mykje utsetjingar. Eg frykta difor «tornado» igjen, men dette har vore utruleg positivt. Arrangementet har vore veldig bra, med presis start på alle løp, og banen og veret har vore heilt topp. Det er tydeleg at tilskiparane har mo-

bilisert det dei kan, seier Kjetil Undset, med full støtte frå Kristine Klaveness.

Fleire gode frå Voss

Av resultata til vossingane elles i NM er det verdt å merka seg Olaug Mala sin 5. plass i junior singlesculler. Trenar Arild Nakken påpeikar at Olaug har delteke i konkurransar i berre to år, og at innsatsen lovar veldig bra.

— Ho vert senior neste år, og har vilje og evne til å jobba vidare. Ho kan verta ein svært god roar, og eg trur me skal få mykje glede av ho framover, seier Nakken.

Elles vart det 4. plass til Voss sin andre dobbelfirar i juniorklassen. Silje Solvi, Gro Kvitne, Torunn Grove og Heidi Jacobsen kom inn 7,5 sekund etter Ormsund på tredjepllassen. Både denne firaren

og firaren som tok sylv har hatt enorm framgang denne sesongen.

— Dei fleste av våre roarar er yngre enn konkurrentane, så her er det mykje å byggja på. For kort tid sidan

låg begge våre båtar over minuttet etter Christiania. Denne gongen var våre båtar berre 21 og 43 sekundar etter, påpeikar Arild Nakken. Han dreg fram trenar Truls Ingebrigtsen, som har gjort ein kjempejobb.

Kongepokalvinnarane Kjetil Undset frå Stavanger og Kristine Klaveness frå Christiania Roklubb, etter premieutdelinga nedanfor Park Hotell.



Janka har lyst å ta gull

— Eg har fire-fem NM-sylv frå før, og no hadde det vore veldig artig med gull, også!, seier Janka Nakken etter ro-NM på heimebane. Janka hadde vona kanskje

å ta gullet laurdag, men fekk diverre ikkje fullklaff, og var ikkje nøgd med løpet sitt som resulterte i endå ei sylvmedalje. Sundag, derimot, rodde ho mykje betre.



— Differansen på 14,5 sekund fram til Kristine Klaveness laurdag vart for stor. På dei fyrtre 1000 metrane kjempa me likt, men deretter sette ho opp farten, og eg klarde ikkje å fylgja. Fysisk og psykisk fungerte det godt for meg, men teknisk var eg rett og slett ikkje god nok, fortel vossajenta, som no har flytta austover og studerer kjemi ved Universitetet i Oslo.

Fekk gode råd

— Eg har tapt meg teknisk dei siste seks vekene, etter at me avslutta opplegget me har hatt gjennom roforbundet. Sidan den tid har eg ikkje fått oppfølging, og det går ikkje. Heldigvis fekk eg gode råd frå eit par trenarar laurdag kveld, og sundag fann eg rytmen på ein heilt annan måte, fortel ho.

Sundag — i Voss i Sen-

trum-regattaen — hadde ho for fullt på singlesculler. Då er det opp til berre meg sjølv, seier Janka.

I sesongen kører ho opp til 12-13 økter for yeka, med om lag 20 timer trening. Mellom ambisjonane neste år, er å kjempa om ein plass på Noreg sitt VM-lag.

— I år er dei viktigaste konkurransane over. No skal eg kosa meg mellom anna med å ro ein universitets-åttar i Nederland og Ulvøya rundt i Oslo, som er litt meir uhøgtidelege løp, fortel Janka Nakken.

Vil til VM

— Neste sesong skal eg læra av feila eg har gjort i år. Eg skulle gjeve beskjed tildegarar, og trekt meg ut av båten, men eg ville ikkje gjera det fordi eg var redd for å verka «blærte» og høg på pæra. No innser eg at eg ikkje har høve til å bruka så mykje tid og pengar på roporten, for så å gå rundt og vera sot og snill. Neste sesong satsar eg difor

Janka Nakken kjempar for fullt driv om NM-gull, men fekk det ikkje til å klappa teknisk, og måtte ta til takke med nok ei sylvmedalje.

Prikkfritt arrangement

Hordaland Rokrets, med hovudtyngda i Voss Roklubb, fekk berre positive tilbakemeldingar frå aktive og leiarar etter ro-NM på Voss med helga. Fleire meinte endå til at dette var det beste ro-arrangementet i Noreg i år.

— Det føler me sjølv, også. Me klarde å yta god service og skapte ei fin ramme rundt regattaen. Når me i tillegg har kjempeflaks og får slikt vær som me berre kan drøyma om, så utgjer det nesten halve arrangementet, seier Arild Nakken, ein av dei mest sentrale personane i NM.

Tidlegare i veka, fram til onsdag, var vinden så sterk at NM ikkje kunne vorte avvikla på Vangsvatnet. I da-

gane framover er det også meldt dårlig vær, så med helga hadde roarane absolutt fullklaff med fantastisk vær.

— Eg trur Vangsvatnet er einaste roarenaen i landet som ligg så nær sentrum og overnattingsstadene, og dermed med gode høve for deltarane til å rusla ein tur på Vangen eller slappa av mellom løpa. Dei fleste roarenaer ligg langt uti skogen, der du berre vert gåande og trakka heile dagen.

Ut frå det me har fått til denne gongen, bør det ikkje vera vanskeleg å få gjennomslag for eit nytt NM etter høvet fort igjen. Kor lenge det går før me søker, må me vurdera. Men i alle fall er Voss ein populær plass mellom dei aktive, seier Arild Nakken.

Rett nok var det litt kaldt då løpa starta klokka 9 på morgonkvisten, men roarane kleddde på seg både overtrekksdrakter, vottar og hu-

ver, og ingen leid naud ute på vatnet. Etter kvart som sola fekk tak, vart det skikkeleg varmt og fint.

— No står det att å rigga ned banen, noko som vil vertha gjort av roarane sine for eldre. 1200 blåser skal hek-

tast av, og deretter skal sju strekk med wire tromlast inn. I alt er det 16 kilometer med wire, fortel Arild Nakken.

Økonomisk reknar Nakken med at Hordaland Rokrins får eit solid overskot. Penga-

ne skal nyttast til å sanera ei slitande gjeld frå NM i '88. Dessutan vonar han at banen kan byggjast ut ytterlegare neste år, med mellom anna dommartårn og fast start ordning.




Arild Nakken var speaker frå båten under løpa, og kan saman med staben i Hordaland Rokrets sjå tilbake på eit svært bra NM på Vangsvatnet.

Voss til topps under U-NM i roing

Sept -93

Best i landet! Jentene fra Voss Roklubb gjekk heilt til topps i uoffisielt ungdoms-NM. I tillegg til vandrepokal for beste lag vart det også fire finale-sigrar. Meisterskapen gjekk i Horten sundag, med i alt 21 roklubar på vatnet.



Rask roar frå Voss Roklubb. Ingeborg Hoel Rekve (15) sat i tre av dei fire båtane frå Voss som gjekk til topps i Ungdomsmeisterskapen i Horten sundag.

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

— Dette var rett og slett ein topp prestasjon, og resultatet viser at det skjer saker i Voss Roklubb. No var det avgårde med 15 jenter. For to år sidan var eg på tilsvarende meisterskap i Horten med to jenter. I fjor vart me nummer 12 av i alt 19 klubbar, fortel trenar Truls Ingebrigtsen.

Som beste klubb fekk Voss singane med seg heim ein stor vandrepokal. Med 70 poeng var Voss Roklubb heilt suverene. Fana kom på 2. plass med 55, Christiania på 3. med 51 og Horten på 4. med 48 poeng.

Mange på pallen

Resultatlistene for jenter viser at Voss Roklubb ofte var representert på sigerspallen.

Fire båtar gjekk heilt til topps i Ungdomsmeisterskapen 1993.

I klassen jenter 16 år, dobbeltsculler, vart det dobbeltsiger til Voss. Ingeborg Hoel Rekve og Anny-Mina Lyngstad vann føre Torunn Grove og Inger Geitle Midttun. Siri Midttun og Heidi Jacobsen rodde inn til 5. plass i denne båtklassen.

I jenter 13 år singlesculler

var det og to frå Voss på sigerspallen. Synne Persen vart nummer to og Åsne Brita Bjørnstad nummer tre.

I klassen jenter 14 år, dobbeltsculler, vart Voss nummer seks. I båten sat Åsne Brita Bjørnstad og Kristense Vinje.

I jenter 15 år dobbeltsculler vart det ny dobbeltsiger til Voss. Ingeborg Hoel Rekve vann føre Inger Geitle Mid-

tun.

Voss vann også to klassar med dobbeltfirar. I jenter 18 år sat desse i båten: Heidi Jacobsen, Silje Solvi, Gro Kvittne og Olaug Mala. I jenter 16 år sat desse i båten: Torunn Grove, Inger Geitle Midttun, Ingeborg Hoel Rekve og Anny-Mina Lyngstad.

I jenter 16 år singlesculler vart Anny-Mina Lyngstad nummer to, berre eitt sekund

bak vinnarbåten. Heidi Jacobsen var på si side berre halvsekundet frå tredjeplas-sen.

I klassen jenter 18 år vart det tredje plass til Olaug Mala. Her var ho berre 0,3 sekund bak båt nummer to.

Råsterke rojenter

allgy-CB

— Eg visste at me var sterke, men at me er så dominerande på Vestlandet — det overraska meg! Trenar Arild Nakken i Voss Roklubb rår over ein gjeng jenter som er heilt suverene

NILS KVAMSDAL

Voss Roklubb hadde 18 ulike båtar på vatnet under krinsmeisterskapen på Askøy. 16 av båtane tok medalje, og dei to som ikkje gjorde det, var med i klassar der vossingane alt hadde teke alle tre medaljene.

Resultata: Damer jr A (opp til 18 år): Dobbelsculler (2X): Nr 1. Miriam Steinset Haugen/Olaug Mala. Singelsculler (1X): Nr 2 Olaug Mala, nr 3. Miriam Steinset Haugen. Dobbelfirar (4X): Nr 1 Voss — Siri Midttun, Gro Kvitne, Heidi Jacobsen, Olaug Mala.

Damer jr B (opp til 16 år):

1X: Nr 1 Anny-Mina Lyngstad, nr 2 Ingeborg Hoel Rekve, nr 3 Inger Geitle Midttun, nr 5 Torunn Grove. 2X: Nr 1 Inger Geitle Midttun/Any-Mina Lyngstad, nr 2 Torunn Grove/Ingeborg Hoel Rekve, nr 3 Gro Kvitne/Silje Solvi, nr 4 Heidi Jacobsen/Siri Midttun. 4X: Nr 1 Voss — Anny-Mina Lyngstad/Ingeborg Hoel Rekve/Inger Geitle Midttun/Torunn Grove.

Damer jr C (opp til 14 år): 1X: Nr 1 Synne Persen, nr 2 Rønnaug Lilletveit, nr 3 Kristense Vinje. 2X: nr 1 Synne Persen/Kristense Vinje, nr 2 Rønnaug Lilletveit.

med eit årepar i hendene. Sist sundag stilte jentene frå Voss Roklubb til start i åtte klassar under KM på Askøy, og dei vann sju av klassane!


Katrine Osgjerd.

Jentene som deltok i c-klassen er heilt ferske, og dette var den første ragattan dei deltok i. Likevel vart det altså tredobbelt i singlesculler og dobbelt i dobbelsculler!

Den einaste klassen vossingane deltok i utan å gå til topps, var singelsculler damer jr A. Den vart vunnen av ei bergensjente som var reserve under VM, men med to vossingar på dei neste plassane.

— Voss Roklubb er vorten ein rein jenteklubb, på same måte som Kristiania Roklubb no også er det. Eg mis-

tenkjer gutane for å vera litt redde for å prøva seg — for då risikerer dei å måtta læra av desse tøffe jentene! seier trenar Truls Ingebrigtsen. Til helga tek han jentene med seg til Vingersjø Regatta i Kongsvinger. Her får vossingane også svenske konkurrentar. Og fjorten dagar etter dreg dei ynsgte til ungdomsmeisterskapen i Horten. Det er eit uoffisielt NM for dei under 16 år. Ingen bør verta overraska om jentene kjem heim att med en eller fleire medaljer!



Trenarane Arild Nakken (t.h.) og Truls Ingebrigtsen i spissen for ein tøff jentegjeng og krinsmeistrar i fleng: Frå høgre: Kristense Vinje, Synne Persen, Gro Kvitne, Rønnaug Lilletveit, Silje Solvi, Heidi Jacobsen, Ingeborg Hoel Rekve, Torunn Grove, Inger Geitle Midttun og Anny-Mina Lyngstad. Olaug Mala, Siri Midttun, Katrine Osgjerd og Miriam Steinset Haugen var ikkje på trening då biletet vart teke.

Sterk roinnsats av vossajenter

Jentene frå Voss Roklubb gjorde ein fin innsats i to regattaer på Tunevann ved Sarpsborg sundag og måndag. I fylge trenar Arild Nakken leverte jentene overraskande gode resultat i

GEIR GEITLE

Sundag 1. pinsedag gjekk «Nord-sprinten», og i dobbelsculler over 500 meter hevda vossingane sèg godt i klasse junior B (14 og 15 år). Kristiania Roklubb vann, men på 2. plass kom Inger G. Midttun og Heidi Jacobsen, på 3. plass kom Torunn Grove og Anny-Mina Lyngstad, og på 5. plass kom Siri Midttun og Ingeborg Hoel Rekve. I alt tre vossabåtar i finaleheatet, som talde seks båtar.

I dobbelfirar rodde Silje Solvi, Inger Midttun, Inge-

borg Hoel Rekve og Anny-Mina Lyngstad inn til siger på ei svært sterk tid. I konkurransen med tre seniorbåtar tok dei unge vossajentene 2. plass i heilefeltet!

I klasse junior A (16 og 17 år) rodde Torunn Grove, Heidi Jacobsen, Gro Kvitne og Olaug Mala seg inn til siger. Her er Olaug Mala einaste som held junior-A-alder, medan dei tre andre er yngre.

I dobbelsculler vart det 4. plass til Olaug Mala og Gro Kvitne, medan det vart siger i klasse senior A til Tonje Riberg og Janka Nakken.

konkurranse med dei beste i Noreg. Pinse-innsatsen lovar det beste framover, ikkje minst med tanke på høgdepunktet — NM på Voss i september.

Måndag 2. pinsedag gjekk «Tunevanns-regattaen», som tel med i Noregscupen. I dobbelsculler klasse junior B vart det 3. plass til Inger Midttun og Ingeborg Hoel Rekve, 4. plass til Silje Solvi og Gro Kvitne og 5. plass til Heidi Jacobsen og Torunn Grove.

Dobbelfiraren med Torunn Grove, Heidi Jacobsen, Ingeborg Hoel Rekve og Inger Midttun rodde inn til 2. plass, etter sterk avslutning.

I dobbelsculler klasse junior A vart det 3. plass til Olaug

Mala og Anny-Mina Lyngstad. I dobbelfirar i same klasse vart det 4. plass til Siri Midttun, Olaug Mala, Gro Kvitne og Anny-Mina Lyngstad.

I klasse senior A vart det 2. plass til Tonje Riberg og Janka Nakken.

— Jentene viste at det er tæl i dei, og det vert spennande å sjå kor mange poeng me klarar å sanka i Noregscupen. Om 14 dagar deltek me i nye regattaer på Årungen, fortel trenar Arild Nakken.

aug - 93 Sensasjonell rosiger

Sundag stod rojentene til Voss Roklubb for ein prestasjon som så langt truleg saknar sidestykke i klubben si soge. Dobbelfiraren i kvin-

ner junior B slo nemleg storfavoritten Christiania Roklubb og vann dermed noregscupløpet i Kongsvinger.

NILS KVAMSDAL

Christiania Roklubb har vore totalt dominerande på jente-sida i ei årrekke, og dette var fyrste gong ein norsk klubb har slått Oslo-klubben i denne regattaen.

— Difor var då også dei andre austlandsklubbane like

glade som oss. Endeleg var det nokon som hadde slått Christiania-jentene, fortel trenar Truls Ingebrigtsen.

Dobbelfiraren frå Voss har alltid taft klart for Christiania, så også tidlegare i år. Og det såg heller ikkje ut som det skulle gå vossingane sin veg denne gongen — ikkje

minst etter at eit transportuhell gjorde at dei måtte ro i lånt båt.

— Men jentene hadde sett seg føre å gje autslendingane kamp på kniven. Dei låg ei heile lengde etter då det var hundre meter att, men så var det som om jentene våre «eksplodere», og i mål var

dei eitt sekund føre. Dei vann på rein vilje, fortel ein stor-nøgd trenar Ingebrigtsen.

Junior B er klassen opp til 16 år, og i båten sat Torunn Grove, Inger Midttun, Ingeborg Hoel Rekve og Anny-Mina Lyngstad.

Kommunestyret vil ha roanlegg på Vangsvatnet

Voss Kommunestyre gjekk torsdag inn for å stø fylkesanlegget for rosport med 250.000 kroner. Vilkåret er at pengane vert tekne frå kraftfondet, og kommunestyret vil ikkje binda seg opp til å løyva tilsvarende summar dei komande tre utbyggingsstega. Sverre Ottestad (KrF) røysta i mot løyvinga, og kalla vossingane «anleggsfikserte».

ANNE RIVENES

Ottestad laut våla å vera kalla «mørkemann» og «svartmålar» etter sitt lange og glødande innlegg mot roanlegg. Han stilte spørjeteikn ved måten å bruka kommunen sine pengar på, og meinte ringverknadane kunne vera større ved å kjøpa inn robåtar og kanoar til ålmenn nyting, i staden for å løyva store summar til ei noko snever sportsgruppe.


Sjølv meinte Ottestad at «svartmåling» ikkje var rette

karakteristikken.

— Eg vil heller kalla det for realitetorientering. Me kan ikkje lata att augo for andre behov i kommunen. Fyrst når dei svakare gruppane har fått det dei treng, kan me løyva til meir ressurssterke grupper, meinte KrF-representanten.

Han fekk ikkje støtte frå partifelle Inger Kløve, for ho røysta for løyvinga med grunngjeving i pengane som

Framhald siste side **2**



Hans Bru, leiar i Hordaland Rokrets, trur ikkje at Voss kommune vil «sjøsetja ein båt utan årer», og reknar såleis med løyvingar kvart år til heile roanlegget på Vangsvatnet står klart.

(Arkivfoto: Sjur Herre)

Seks vestlandsmeistrar frå Voss

Roarane frå Voss Roklubb sikra seg i alt seks vestlandsmeisterskap i regattaen «Voss i Sentrum» som vart avvikla sundag på Vangsvatnet.

I singlesculler for senior gjekk Janka Nakken til topps, klart framføre sine konkurrentar etter eit godt løp.

I dobbelfirar for damer junior A vart Torunn Grove, Silje Solvi, Gro Kvitne og Olaug Mala nr 3, men med Christiania og Ormsund føre seg, var det båten frå Voss

som vart vestlandsmeister.

I dobbelfirar junior B vann Voss med Anny-Mina Lyngstad, Inger Geitle Midttun, Ingeborg Hoel Rekve og Heidi Jacobsen i båten.

I plastsfuller for junior B vart Anny-Mina Lyngstad nr 2 etter Ingrid Gjessing frå Christiania, og Anny-Mina hadde dermed dei andre vestlendingane bak seg. Heidi Jacobsen vart nr 5.

I plastsfuller for junior C deltok tre vossingar: Åsne B. Bjørnestad som vestlandsmeister, Synne Persen

vart nr 2 og Kristensevinje nr 3.

I dobbelsculler junior C vart Inger G. Midttun, Ingeborg H. Rekve nr 2 bak Christania, og vossalaget vart vestlandsmeister. I klassen B pe klassen vart Gro Kvitne og Torunn Grove nr 3. Silje Solvi og Siri Midttun nr 4. Elles vart Katrine Øs, ercl og Rønnaug Lilletveit nr 3 junior C plastdobbelsculler og Olaug Mala nr 7 i junior C singlesculler.

Gode ro-resultat av vossajenter

Jun - 91

Vossajentene markerte seg på nytt sterkt i Noregscupstemnet i roing på Årungen med helga. Siger vart det til Janka Nakken og Tonje Riberg i dobbelsculler i kvinner klasse A etter eit godt løp, der dei kom i mål 15 sekundar før båt nr 2.

GEIR GEITLE

Etter ein del sjukdom hjå Tonje Riberg fungerer no båten godt att, sjølv om dei framleis har ein del å ta att. Me no kan dei også sjå fram til internasjonale oppgåver.

Janka Nakken tok elles 2. plass i singelsculler sundag, eit løp ho ikkje var heilt tilfreds med. Ho vann klart klassen for 14 dagar sidan, og meiner ho har meir inne enn ho tok ut dette løpet.

Elles stilte vossingane mange båtar. I dobbelfirar klasse junior B (14 og 15 år), vart det 2. plass til Torunn Grove, Heidi Jacobsen, Gro Kvitne og Anny-Mina Lyngstad. 3. plassen tok Siri Midttun, Silje Solve, Inger Geitle Midttun og Ingeborg Hoel Rekve.

I junior A (16 og 17 år) vart det 3. plass til Torunn Grove, Olaug Mala (einaste med junior A-alder), Gro Kvitne og Anny-Mina Lyngstad.

Sundag vart Voss sin båt i dobbelsculler klasse junior A

slått ut i semifinalen med 4. plass. Men i klasse junior B hadde Voss fire båtar i finalen. Her vart det 3. plass til Inger Geitle Midttun og Ingeborg Hoel Rekve, 4. plass til Torunn Grove og Anny-Mina Lyngstad, 5. plass til Gro Kvitne og Heidi Jacobsen og 6. plass til Silje Solvi og Siri Midttun.

I dobbelfirar for damer junior B vart det 2. plass til Torunn Grove, Inger Geitle Midttun, Gro Kvitne og Ingeborg Hoel Rekve.

— Samla sett er me svært tilfreds; endå meir enn me var etter dei gode regattaene i Sarpsborg for 14 dagar sidan. Eg trur me vil markera oss endå sterke igjen i neste Noregscup på Årungen om 14 dagar, seier trenar Arild Nakken, som dreg fram hovedtrenar Truls Ingebrigtsen sin innsats.

— Han har gjort ein kjempejobb, og har lagt grunnlaget for at jentene er komme der dei er i dag. Jentene er elles ein fin gjeng å jobba med, fortel Arild Nakken.

Bra av Janka i København

IR ARNE ASPEBAKKEN

Sist helg deltok Janka Nakken i den store internasjonale rogatten i København. Ho rodde dobbelsculler begge dagar saman med sin faste makker Tonje Berg.

— Det gjekk dårlig laurdag, men veldig bra sundag. Laurdag var me sist av fire båtar. Sundag vart me nummer fire av seks tar, men då slo me ein av båtane frå fredag og tok inn ti sekund dei beste i høve til dagen før. Ho rodde vel vårt raskaste løp,

Jun - 92

hittil, fortel Janka Nakken på telefon frå Rohuset på Årungen.

Der har ho trent saman med Tonje på heil-tid dei siste 14 dagane. Onsdag kveld kom Janka heim til Voss, og til helga stiller ho på Vangsvatnet.

— Då me ikkje får transport til båten vår, vert ikkje Tonje med til Voss, så der er eg påmeldt i singelsculler. Me har og planar om å møtast at i den gamle dobbelfiraren til Voss Roklubb. Det hadde vore kjekt om me hadde fått til det, meiner Janka Nakken.

Sterk innsats av rojentene fra Voss

Sept. 92

Rojentene fra Voss Roklubb gjorde det sterkt i helga, då dei var med i to regattar på bergenskanten. Det er særleg i lagroing vossajentene får vist sin styrke, og trenar Arild Nakken er godt nøgd med innsatsen. Laurdag var jentene til Os og rodde sprint i Ulven-regattaen på Ulvenvatnet.

GJERTRUD HEGG REIME

Sundag deltok dei i Fanaregattaen over 1000 og 1700 m. Begge dagar vanka det ei rekke fyristeplassar til vossajentene. Alt tyder også på at rojentene fra Voss har sikra seg vinnarpokalen i Bergen Bank Cupen etter regattaen i helga.

Det var bra deltaking under regattaene både laurdag og sundag, fortel Arild Nakken i Voss Roklubb.

Tilhøva var gode, noko som også forklarer dei gode tideine som vart oppnådd.

På 550 m sprint laurdag vart Gro Kvitne nr. 3, Torunn Grove nr. 4, Anny-Mina Lyngstad nr. 5 og Silje Solvi nr. 6 i damer jr. B single.

I dame jr. C, vart Ingeborg Hoel Rekve nr. 1, såvidt føre Inger Midttun.

I dame jr. A, vart Olaug Mala nr. 4.

I dame jr. B dobbelsculler, vart det 1. plass til Ingeborg Hoel Rekve/Siri Midttun, 2. plass til Miriam S. Haugen/Anny-Mina Lyngstad, 3. plass til Heidi Jacobsen/Torunn Grove og 4. plass til Silje Solvi/Gro Kvitne.

I damer A, dobbelsculler vart Gro Kvitne/Olaug Mala nr. 2, og i damer jr. C dobbelsculler, vart Inger Midttun/Guro Draugsvoll nr. 2.

I damer jr. B, dobbelfirar, vart det 1. plass til Torunn Grove/Heidi Jacobsen/ Miriam S. Haugen/ Anny-Mina Lyngstad.

I damer jr. A dobbelfirar vart det 1. plass til Siri Midttun/Silje Solvi/Miriam S. Haugen/Olaug Mala.

I Fanaregattaen sundag rodde Inger Midttun og Ingeborg Hoel Rekve inn til ein fin 1. plass på 1000-meteren.

På distansen 1700 m vart Olaug Mala nr. 4 i damer jr. A, single.

I dame jr. A dobbelsculler kom Gro Kvitne/Olaug Mala på 3. plass.

I dame jr. A dobbelfirar, kom Siri Midttun/Torunn Grove/Gro Kvitne/Anny-Mina Lyngstad på 1. plass.

I dame jr. B dobbelsculler vart det 1. plass til Torunn Grove/Anny-Mina Lyngstad, 2. plass til Inger Midttun/Ingeborg Hoel Rekve og 3. plass til Silje Solvi/Siri Midttun.

Ro-NM på Årungen:

97

Janka Nakken glad for sylv

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

Janka Nakken, Voss Roklubb, sikra seg NM-sylv i singelsculler laurdag. I fylgje rapportane frå noregsmeisterskapen i roing på Årungen var ho glad og godt nøgd med insatsen. På førehand rekna med at ho hadde tredje plassen inne i damer senior A singelsculler.

Voss Roklubb stilte med to båtar til i NM. I damer senior A dobbelfirar vart det tredje plass på Nina Saue Ingebrigtsen, Anne Lise Leiren, Kristina Fareth og Janka Nakken. I damer senior lettvekt, dobbelsculler, vart det og tredje plass, med Nina Saue Ingebrigtsen og Marta

Janka vann på Årungen

Juni 92

Janka Nakken, Voss Roklubb, vann singelsculler for kvinner i Østlandsregatten på Årungen sundag. I eit løp som ho sjølv var svært godt nøgd med, la ho mellom anna bak seg ei jente som ho tidlegare i år ikkje har klart å slå i singelculler.

Eigentleg er det dobbeltsculler saman med Tonje Riberg som er hovudbåten for Janka, men makker måtte melda sjukdomsfråfall i helga. Laurdag rodde Janka i staden dobbelsculler saman med ein av dei beste svenske jentene, og dei to vann lett.

Komande helg reiser Janka og Tonje til ein stor internasjonal regatta i Amsterdam. To veker deretter skal dei aksjon i B-VM i Skottland — ein meisterskap som tradisjonlet samlar unge og lovande roarar frå heile verda. U-VM hadde såleis vore eit meir passande namn.

Sundag var det Christiania-regatta på Årungen. Då vann Janka Nakken singelsculler i damer senior A. Saman med Tonje Riberg vann ho og dobbelsculler i damer senior A.

I dobbelfirar vart det andre plass på Voss Roklubb. I denne båten vart eit nytt mannskap prøvd, og dei rodde godt. Ved årene sat Marta Skjeldal, Anne Lise Leiren, Nina Saue Ingebrigtsen og Kristina Fareth.

Komande helg skal fleire av dei unge roarne frå Voss til Horten for å delta i ein nasjonal skulemeisterskap. Helga deretter er det KM i Bergen, og etter nok ei veke vert sesongen avslutta med sprint-NM i Bærum.

Sept - 92.

Rojentene frå Voss henta tre KM-gull

Jentene frå Voss Roklubb markerer seg sterke og sterke, og denne helga tok dei tre gull under KM på Nordåsvatnet i Bergen. Formannen i klubben, Truls Ingebrigtsen, fortel at jentene viser stor framgang. Voss er no den klart beste klubben på jentesida i Hordaland — både når det gjeld kvalitet og kvantitet.

GEIR GEITLE

Det var kjempetilhøve på Nordåsvatnet med helga. Det første KM-gullet gjekk til Inger Midttun og Ingeborg Hol Rekve i dobbelsculler opp til 14 år. Dei var 14 sekund for nr 2, og rodde på ei svært god tid som vart lagt merke til.

Voss satsar på lagbåtar, og i dobbelsculler opp til 16 år gjorde vossajentene reint bord. Gullet gjekk til Miriam Haugen og Anny-Mina Lyngstad, på 2. plass fylgde Heidi Jacobsen og Torunn Grove, og 3. plassen tok Silje Solvi og Gro Kvitne.

Tredje gullet kom i singlesculler opp til 14 år. Her vann Ingeborg Hol Rekve, tre sekundar framføre Inger Midttun. Bærodde godt, og Inger hadde ein flott debut i sin første regatta åleine i båten.


I dobbelsculler for damer senior rodde Marta Skjeldal og Nina Ingebrigtsen inn til ein fin 2. plass. I singlesculler opp til 16 år vart Anny-Mina Lyngstad nr 3, Torunn Grove nr 4, Miriam Haugen nr 5 og Siri Midttun nr 6.

Sundag gjekk Bergensregattaen, med siger i dobbelsculler til Siri Midttun og Anny-Mina Lyngstad og 2. plass til Heidi Jacobsen og Torunn Grove. Dei var ein hundredel framføre nr 3, Gro Kvitne og Miriam Haugen. Også i klassen under vart det ny vossasiger, til Inger Midttun og Ingeborg Hol Rekve, på endå betre tid enn dagen før. I klassen over 18 år tok Gro Kvitne og Olaug Mala 3. plass.

I singlesculler rodde Anny-Mina Lyngstad inn til ein sterk 2. plass — ein betre enn dagen før — og nærmar seg sterkt jente nr 1, som er best i landet. Miriam Haugen kom på 4. og Heidi Jacobsen på 5. plass. I klassen over, opp til 18, kom Olaug Mala på 5. plass i sin fyrste regatta.

I klassen opp til 14 vart det ny siger til Ingeborg Hol Rekve, med Inger Midttun på 2. plass.

Endeleg var Voss heilt suveren i dobbel-firar opp til 16 år. Heidi Jacobsen, Torunn Grove, Miriam Haugen og Anny-Mina Lyngstad rodde Voss inn 18 sekundar framføre Os, og sette ny pers for båten.



Anny-Mina Lyngstad (bakerst) og Siri Midttun vann Bergensregattaen, og var mellom vossajentene som rodde godt med helga.
(Arkivfoto: Gjertrud Hegg Reime)

Noregscup roregatta på Husnes:

«Kjempegod roing, i dårlig utstyr»

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

Voss Roklubb sine unge og lovande jenter stilte opp i Noregscup-regattaen på Husnes i helga. Resultata derifrå viser svært lovande framgang for mange av jentene.

— Og då er det ekstra synd at dei må slita med dårlig utstyr. Dei dobbeltscullerane me har i Voss Roklubb er for gamle vass-trekte trebåtar å rekna i samanlikning med konkurrentane sine båtar. Våre båtar er mykje tyngre. Det er vanleg å rekna med eit tidstap på rundt sju sekund for kvar 1000-meter med slike båtar, fortel trenar og lagleiar Arild Nakken.

— Stram økonomi gjev ikkje rom for innkjøp av klubb-båtar no. Me kan berre kryssa fingra ne og vona at velvillige privatpersonar eller verksemder finn ut at dei vil sponsa oss, legg han til.

Den båten frå Voss Roklubb som kanskje imponerte mest på Husnes var dobbeltsculleren med Olaug Mala og Anny-Mina Lyngstad. Etter innsatsen i helga vert dei truleg med på laget som reiser til NM for junior og senior på Årungen siste helga i august.

Olaug og Anny-Mina vart nummer to laurdag i damer junior A (A er over 16 år, B er 14-16 år og C er under 14 år). Dei var då 17 sekund bak vinnarbåten frå Christiania Roklubb. Sundag vart dei nummer fem av sju båtar i finalen, 45 sekund bak vinnaren.

dei rodde 2000 m på Vangsvatnet i eigen regatta tidlegare i sommar.

Voss hadde tre båtar med i dobbeltsculler, damer junior B, laurdag. Gro Kvitrne og Anny-Mina Lyngstad tok her ein god 3. plass. Silje Solvi og Miriam Haugen kom på 4. og Torunn Grove og Siri Midttun på 5. plass i dette løpet.

I dobbeltsculler damer junior C var det berre båten frå Voss som stilte. Inger Midttun og Ingeborg Rekve rodde 1000 m i konkurransen med klokka. Sundag rodde dei like eins, og då vart sluttida 20 sekund betre.

Sundag hadde Voss også ein dobbeltfirar på vatnet. Med Miriam Haugen, Torunn Grove, Gro Kvitrne og Anny-Mina Lyngstad ved årene vart det 2. plass, 34 sekund bak vinnarbåten.

— Dette er ein båt som ikkje er nok samtrent enno, så her gjekk det faktisk fortare enn roarane maktar reint teknisk enno. Men det kjem, for me har ein svært treningsvillig gjeng, fortel ein optimistisk Arild Nakken.

Raskaste sculler i Vangsvatn-regattaen:

Juni - 92

Bestemannspremie til Janka

20-årige Janka Nakken frå Voss Roklubb høyrer no med mellom dei seks-sju eliteroarane på damesida her til lands. Ho satsar friskt framover, og får i sommar fleire representasjonsoppgåver.

GJERTRUD HEGG REIME


Janka held for tida til på roforbundet sitt riksantlegg på Årungen, der ho driv intens trening. Men til hausten dreg ho til Oslo og startar realstudiane, samstundes som det vert trening saman med Tonje Riberg, hennar «makker» i dobbelsculler.

— Dei største oppgåvene i sommar vert ein større regatta i Amsterdam i månadsskiftet juni/juli, og uti juli ber det til Glasgow på senior B-meisterskap. Dette er eit slags VM for roarar i alderen 19-23 år, med deltagning frå heile verda.

Under roregattaen på Vangsvatnet fekk Janka bestemannspremien for beste scullertid for damer 1992. Janka rodde 2000 m laurdag på 8.27.8. Premien kvitterte Janke for sundag med å forbetra tida til 8.13.78!

— Eg er villig å satsa vidare dersom framgangen held seg, seier Janka, og vedgår at neste OL lurer langt der framme. Ho gler seg elles over at det gror i spora til den «gamle» dobbelfiraren på Voss; Janka Nakken, Kristina Fareth, Nina Ingebrigtsen og Nina T. Midttun, som stillte opp for moro skuld laurdag, og gjennomførde eit absolutt godkjent løp.

Etter regattaen på Vangsvatnet med helga, fekk Janka bestepremien for beste scullertid for kvinner 1992.



Vett kvinnering den neste sportsgreina der vossingane gjer seg gjeldande? Janka Nakken er av dei som er villig å satsa — dersom forbundet vil.


Voss Roklubb får gjester på Vangsvatnet:

Juni -92

Roregatta med veteran-NM

Komande helg vert det ny stor ro-helg på Vangsvatnet, med innlagt veteran-NM. Diverre har ikkje regattaen fått Noregscup-status så deltakinga vert ikkje den aller beste. For seks av dei unge og ivrige jentene i Voss Roklubb, som kjem i kjølvatnet etter

Janka Nakken, vert det likevel eit fint høve til å prøva seg. Kanskje Voss kan stilla med ein fyldig tropp i senior-NM på Vangsvatnet i 1993? Då vonar nemleg Hordaland Rokrets å få sitt andre NM på Voss.



Rosjef Truls Ingebrigtsen, i fylgjebåten, er klar for ei ny treningsøkt med nokre av jentene i Voss Roklubb: Frå venstre Silje Solvi, Ingeborg Hoel Rekve, Heidi Jacobsen, Shaghayag Razavinik og Inger Geitle Midttun.

EIR ARNE ASPEBAKKEN

Hordaland Rokrets står for tilsettinga av veteranmeisterskapen begge dagar, Vangsvatnsgatta laurdag og Voss i Sennum-regatta sundag. I dei to siste dei både junior- og seniorassar.

— Men sidan det ikkje er noregscup, vert nok ikkje Voss prioritert av så mange roklubbar i, bortsett då frå dei som stilte i veteranmeisterskapen. Istfrå kjem stort sett berre orton Roklubb. Elles vert det est roarar frå ulike klubbar i Hordaland, fortel rosjef i Voss Roklubb, Truls Ingebrigtsen.

— Kva med lokal deltaking?

— Janka Nakken stiller i singelsculler. Dessutan har me godt på sek av våre unge, lo-

vande jenter, som skal fordelaast på ein dobbeltsculler og ein dobbeltfirar begge dagar. Det er Siri Midttun, Torunn Grove, Anny-Mina Lyngstad, Silje Solvi, Ingeborg Hoel Rekve og Inger Grethe Midttun. Elles er det snakk om å få den gamle dobbeltfiraren vår på vatnet att, med Janka, Nina Midttun, Nina Ingebrigtsen og Kristina Fareth, men det vert mest for moro skuld.

— Korleis er status for Voss Roklubb for tida?

— Klubben har hatt ei positiv utvikling i det siste. No er det viktig for oss å ta vare på dei talenta me har fått hand om, slik at me kan byggja opp ein stamme. Totalt er det for tida rundt 20 aktive roarar i klubben. I slutten av juni skal me til Husnes. Då skal fleire av roarane vå-

re få prøva seg, fortel Truls Ingebrigtsen.

— Sist helg var aktive og leiarar frå Askøy roklubb på Voss for å trenna og leggja ut robanan til regatta-helga. Då fekk fleire av våre nokre verdfulle treningsøkter saman med roarar og trenrarar derifrå. Eit artig poeng er det forresten at Askøy har mest berre gutar med i klubben, og me har mest berre jenter, legg Truls Ingebrigtsen til.

No vonar tilskiparane at vêrgudane gjer sitt for å styrka Voss og Vangsvatnet sitt gode rykte i den norske ro-familien ytterlegare. Arbeidet med å få til eit permanent fylkesanlegg går sin gang. Neste år er det god von om å få eit nytt NM her.



Anny-Mina Lyngstad spenner på seg dei fastmonterte joggeskoia i singelsculleren, og er klar for ei ny treningsøkt på Vangsvatnet. Laurdag og sundag er ho regattadeltakar på heimebane.

Voss Roklubb tilbod til næringslivet: *Juni -92*

«Tenk positivt» — med Egil Søby

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

Voss Roklubb byr inn folk frå næringslivet, idrettsleiarar og andre interesserte til kveldsseminar med den tidlegare OL-vinneren i kajakk, Egil Søby, på Fleischers Hotel 21. mai. Denne utruleg idrettsmannen, som takkar legendariske Stein Johnson for at han sjølv vart ein einar som mellom anna kan visa til OL-gull, to VM-titlar og åtte kongepokalar, er no sjølv nærmast ein «guru» som verksemder og næringslivstoppar har trykt til sitt bryst.

— Ver positiv, vis at du er oppglødd, tru på deg sjølv. Då er det nesten ikkje grenser for kva du sjølv, dine medarbeidarar, dine elevar, din klubb eller di verksemd kan få til. Postiv tankekultur. Motivasjon som drivkraft.

Dette er sitat og konsentrat av Egil Søby sin bodskap. Truls Ingebrigtsen, som sit i styret for Voss Roklubb, har delteke

på eit seminar med Egil Søby i Bergen, og lovar at det er alt anna enn ei kjedelege forelesing. Den noverande læraren ved politihøgskulen i Oslo krydrar det heile med ei mengd døme, både frå eiga røynsle som aktiv og seinare samarbeid med noverande toppidrettsutøvarar.

— For oss er dette ein utradisjonell måte å skaffa pengar til klubbkassa på. Målet er å finansiera ein konkurransebåt, ein dobbelssculler til om lag 30.000 kroner. I staden for å drive kakebasar og tigga pengar frå næringslivet kjem me no med eit produkt som me meiner er godt. I desse tider meiner me avgjort at eit slikt positivt seminar kan vera vera både gjevande og motiverande for næringslivsfolk, idrettsleiarar og andre, også på Voss.

Truls Ingebrigtsen reknar med god oppslutning. Deltakartalet må vera over 20 før det vert snakk om «butikk» for klubben.

Juni -92

Fin roinnsats på Nordåsvannet

Jentene frå Voss Roklubb leverte nye, fine løp i Bergensregattaen på Nordåsvannet sundag. Rett nok vart det ingen siger til Voss, men alle båtane gjorde ein svært respektabel innsats, som trenar Truls Ingebrigtsen er veldig tilfreds med.

GEIR GEITLE

— Sterleg var vossingane sterke i dobbelsscullen i klasse junior B (15 og 16 år). Her vann ein båt frå Bergen som ikkje var klubba — men på 2. plass kom Voss med Inger Geitle Midttun og Ingeborg Hoel Rekve. 3. plass tok Heidi Jacobsen og Torunn Grove, 4. plass tok Silje Solvi og Miriam Steinstø Haugen, medan det vart 6. plass til Gro Kvitne og Siri Midttun.

I dobbelsscullen for junior A (17-18 år) tok Gro Kvitne og Olaug Mala 2. plass.

I singlesculler junior A rodde Olaug Mala inn til 3. plass, etter eit svært godt løp der ho var nær teten. I klasse junior B vart Inger Geitle Midttun nr 4, Torunn Grove nr 5, Miriam Steinstø Haugen nr 6 og Ingeborg Hoel Rekve nr 7 i lånt båt.

Ein gut frå Voss stilte og

så opp: Eirik Midttun, som rodde inn til 7. plass i klasse junior B i singlesculler.

Fin framgang

— Alle gjorde ein god innsats, og spesielt har Inger Geitle Midttun og Olaug Mala hatt ein markert framgang. Elles er det artig å sjå at klubbanne i Hordaland får mange fleire jenter med, og det trur eg me har ein del av «skulda» for. Dette fører til større og betre konkurranse, og det ser me på som veldig positivt, seier trenar Truls Ingebrigtsen.

Komande helg reiser Voss Roklubb til noregscupsteme ne på Årungen. Vossingane ligg klubbmessig på 4. plass så langt i Noregscupen — eit resultat trenaren synest er veldig bra.

— Pr i dag er me best i Hordaland Rokrins, seier Truls Ingebrigtsen.

Janka Nakken med lovande sesongopning

mai - 92

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

Janka Nakken, Voss Roklubb, viste svært lovande takter i sesongopnings-regattaen på Årungen 9. og 10. mai. Store treningsmengder i vinter og regelmessige landslagsamlingar har resultert i solid framgang. Tidsdifferansane på Årungen viste at ho no er like i kjølvatnet til konkurrentar som i fjor var klart betre.

Det opna litt trått laurdag, då ho vart slegen ut i forsøksheatet i singlesculler. Då sat reisa enno i kroppen, og dette var fyrste konkurranse i år. Men det løsna raskt...

Seinare på dagen rodde ho dobbelstoller saman med Tonje Riberg, Norske Studenters Roklubb. Det enda med ein fin 2.

plass i finalen, bak den norske båten som er halvveges kvalifisert for OL i Barcelona.

Desse to 20-åringane byrja eit vellukka samarbeid i fjor — og denne båten satsar Roforbundet på. Om halvanna veke skal dei til Scandinavian Open i København. I juni skal dei til Amsterdam og i byrjinga av juli representerer dei Noreg i B-VM i Skottland. B-VM er eit meisterskap for dei nest-bestene i sine land, og dei det vert satsa på for framtida. Ein skal hugsa på at roarane oftast har sine beste år i alderen 25-30 år.

Tidleg sundag morgen var det ny kvalifisering, i singlesculler, og no sat løpet mykje betre. I finalen vann ei svensk jente som hører heime i verdstoppen. Janka enda på 3. plass, men ber-

re tre sekund bak ei jente frå Stavanger som var adskilleg lengre føre Janka i heile fjar.

Løpet i dobbelstoller sundag vart sett fram til med forventningar. Her vart det eit jamt løp i teten mellom dei to beste norske roarane og ein norsk-svensk båt. Det enda med heilnorsk siger, men på 3. plass og berre 16 sekund bak fossa Janka og Tonje over målstreken.

At desse to ungdomane ikkje var lengre bak det norske OL-håpet vart verkeleg lagt merke til. Knivinga i teten og svak motvind gjorde prestasjonen endå sterkare. Det var etter dette løpet at Janka og Tonje fekk endeleg klarsignal om deltaking i B-VM.

Bra ro-innsats av vossingar på Askøy

aug - 92

Voss Roklubb stilte med mange av sine unge utøvarar i Askøyregattaen 15. og 16. august. I fylgje rapportane var innsatsen bra. Og spesielt gledeleg var det å sjå framgangen til Ingeborg Rekve, som verkeleg viste at ho byrjar å få teknikken til å sitja.

Laurdag var det sprint over 500 m som stod på programmet. Sundag var det 2000 m for dei to eldste klassane junior A og B, og 1000 m for junior C.

På sprintdistansen vart Eirik Midttun nummer fire av seks båtar i singelstoller herrar junior C. Ingeborg Rekve rodde åleine i damer junior C, på ei tid som var betre enn lagveninnene i junior B. I damer junior B vart Anny-Mina Lyngstad nummer tre og Siri Midttun nummer fire.

I dobbelstoller damér junior B stilte fire båtar — alle frå Voss Roklubb! Det vart eit spennande og jamt løp. Ingeborg Rekve og Siri Midttun vann føre Anny-Mina Lyngstad og Shagaygh Razavinik på andre, Silje Solvi og

Torunn Grove på tredje og Gro Kvitne og Heidi Jacobsen på fjerde. I damer junior A, dobbelstoller vart Voss nummer tre med Anny-Mina Lyngstad og Olaug Mala i båten.

Sundag var Eirik Midttun nummer fire i singelstoller. I dobbelstoller damer junior C vann Ingeborg Rekve og Inger Midttun på ei god tid. I dobbelstoller damer junior B stilte to båtar frå Voss. Silje Solvi og Torunn Grove vann føre Siri Midttun og Heidi Jacobsen.

Sundag stilte Voss også ein dobbeltfirar på vatnet, utan konkurrentar. Torunn Grove, Silje Solvi, Gro Kvitne og Anny-Mina Lyngstad rodde likevel godt sammenlikna med båtar i andre klassar.

I dobbelstoller damer junior A stilte tre båtar. Her oppda Anny-Mina Lyngstad og Olaug Mala svært bra og låg hakk i hæl med favoritten Bergen Roklubb då festet til det eine åreparket plutsleg rauk. Dei to måtte gjennomføra for «halv maskin».

Nordisk meisterskap i roing:

Juli - 91

Janka Nakken i bronse-båt

GEIR ARNE ASPEBAKKEN

Janka Nakken, Voss Roklubb, var sist helg med i den norske dobbeltfiraren som tok bronseplassen i nordisk meisterskap i roing. Meisterskapen gjekk i Stockholm laurdag.

— Resultatet var om lag som venta, plasseringsmessig, men tidsmessig litt langt bak vinnarbåten frå Sverige og danskane på andre plass. Men i desse to båtane sat det røynde roarar med ein gjennomsnitsalder på 25-26 år. Gjennomsnittsalderen i den norske båten er 19 år, fortel Arild Nakken, som var med til Sverige som leiar.


Sundag var det ny regatta same stad.

— Då var jentene i den norske båten langt meir nøgde med innsatsen. Det var andre plass, 17 sekund bak svenskane —

halvparten av differansen frå dagen før og ei sluttid som var 31 sekund betre enn laurdag, fortel Arild Nakken.

Han legg til at dei norske jentene har trent saman i fire veker før nordisk. Dette var likevel første gongen dei rodde saman i ein regatta, men denne helga er det nye representasjonsoppgaver for Janka og dei tre andre ungjentene.

— Dei har trent saman i Oslo denne veka for å vera godt budde til ein internasjonal regatta i København denne helga. I dag skal dobbeltfiraren på vatnet att. Sundag ror Janka dobbelsculler saman med Tonje Riberg frå Oslostudentenes Roklubb — ei av dei andre jentene frå dobbeltfiraren. Desse to ror svært godt saman, så det vert ikkje minst spennande å sjå den båten i aksjon, seier Arild Nakken.




Janka Nakken, Voss Roklubb, var med i den norske dobbeltfiraren som rodde inn til bronse i nordisk meisterskap sist laurdag.

(Arkivfoto)

Ro-anlegget til bygningsrådet

Ro-anlegget på Vangsvatnet vert onsdag lagt fram til orienterande drøfting i Voss bygningsråd, før ein går til formell kunnigjering om oppstart av planarbeidet.

Det som skal drøftast er m.a. kva område utanom sjølve robane som må/bør inngå i planområdet og tilpassing til tilgrensande planområde.



Janka Nakken frå Voss Roklubb rodde inn til sylv i NM for senior i singlesculler på Årungen.

(Arkivfoto: Geir Geitle)

Tok NM-Sylv

Som fyrste vossing tok vossajenta Janka Nakken sylv i seniorklassen i singlesculler over 2000 meter i ro-NM på Årungen med helga. Janka vart rett nok slått med om lag 30 sekund av topproaren Irene Åberg, men rodde så godt at ho alt no er sikra billett til Nordisk Meisterskap i Sverige 20. og 21. juli.

Dermed er eitt av måla for sesongen nådd for Janka (19), som for lenge sidan blinka ut å satsa mot nordisk.

Også ein vossabåt til var på vatnet på Årungen laurdag. Nina Ingebrigtsen og Marta Skjeldal deltok i dobbeltsculler, men klarte ikkje å kvalifisera seg til finalen. Dei rodde fyrst vanleg

kvalifisering, og fekk så prøva eit oppsamlings-heat, der dei enda sist. Men likevel var dei bra nøgde, all den tid dei har rodd i lag berre i vel 14 dagar.

Sundagen gjorde dei det også betre då dei vart nr 3 i Ormsund-regattaen, og slo båtar som var framom dei dagen før.

JANKA vann i Sarpsborg

Mai 91
NILS KVAMSDAL

Janka Nakken frå Voss Roklubb gjekk til topps i A-klassen på Nor-sprinten under Tunevannsregattaen første pinsedag. Dette var fyrste gong Janka rodde i denne klassen, og ein siger i premieren vert nok lagt merke til i ro-miljøet.

Medan distansen fyrste pinsedag var 500 meter, var det meininga å ro eit 2.000 meters kvalifiseringsløp til nordisk mesterskap mandag, men denne delen av regattaen ble slett

vekk.

Til helga er det roing på heimebane, og Janka skal ro 2.000 meter singelsculler begge dagar. I tillegg skal ho ro dobbelsculler saman med Kristina Fareth, som måtte mælda sjukdomsfall til Tunevannsregattaen. Den tredje vossingen som skal i elden til helga er Thomas Lorentzen.

Neste helg er det Scandinavian Open i Jensjö, Sverige, og Janka har som mål å kvalifisera seg til laget som skal til nordisk mesterskap.

Janka Nakken vart vestlandsmeister:

28 mai - 91

Saknar ro-veninnene, men gjer det utmerka åleine

ta Nakken vart åleine om å forsvara Voss sine ar på kvinnesida i ro-regattaen på Voss med a. Dei tre andre i den kjende ro-firaren er skeller sjuke, og lagbåten er plassert på land. Ta fortel at ho saknar dei, men viser samstun-

des at ho kan trø til også åleine — i singlesculler. Laurdag tok ho 2. plass i Noregscup-stemnet, men sikra seg tittelen som vestlandsmeister, medan ho sundag gjekk til topps i Voss i Sentrum-regattaen.

GEITLE

gentene ror fort og har kraftmotor», det kan «Horda-skriwa under på etter den elga. Me fekk plass i ein nibåt med 7,5 hestars monen på fotojakt etter vossa, måtte me berre kapituleie slanke båtane suste for-

tare gjennom vatnet enn våre 7,5 hestar hadde sjanse til, og me måtte berre sjå roarane forsvinna i det blå...

Russ

Janka (19) er russ, og midt oppi eksamenstida. Trass i det, får ho tid til åtte-ni treningskorter for veka, på til saman 12-14

timar. Målet hennar er å nå senior-nordisk i Sverige 20. og 21. juli, som ho meiner er det einaste realistiske målet når ho er så «fersk».

— Eg er 1. års senior, og lærer heile tida meir og meir teknisk. Sjølv om eg no trenar åleine mesteparten av tida, har eg stor hjelp av trenaren Sissel Lothe frå Os, som kjem opp til

Voss i helgane, fortel Janka.

I noregscupen laurdag, med innlagt vestlandsmeisterskap, vart ho slått av Merete Weset frå Horten Roklubb. Merete er berre junior, og eitt av toppnamna i Noreg. Sundag måtte Merete stå over på grunn av skade, og Janka rodde inn til ein overlegen siger vel 13 sekund framføre toar-jenta.



4. plass til junioren Thomas Lørentzen, i tøft selskap.

Forsidelese i sør følge side



Saknar lagbåten

Og medan Janka rodde åleine, måtte dei andre rojentene stå på land og sjå på. Kristina Faret var sjuk, og melde avbod. Nina Ingebrigtsen måtte for eit par veker sidan ta blindtarmen, og har treningsforbod i endå fire veker framover. Nina Therese Mauback Midttun slitt med bein hinnebetennelse.

— Eg saknar verkeleg å ha med dei andre og få ro lagbåten, der eg trivst best. Dobbelfirar kan vera ufatteleg skøy når me får det til, og båten susar over vatnet. Det er ubeskriveleg, og kan vera vanskeleg å forstå for dei som ikkje har opplevd det. Dessutan saknar eg dei som treningskameratar, fortel Janka.

Til Sverige

Komande onsdag reiser Janka til Sverige for å delta i Scandinavian Open, nær Malmö. Der er det samtidig World Cup, som ho kan hausta nyttige røynsler frå. Deretter er det NM på Årungen, og regatta på Jonsvannet i Trondheim. I slutten av juli er det så Nordisk Meisterskap, der Janka kjempar om ein av dei norske plassane.

Frå Voss deltok elles Thomas Lorentzen i singlesculler i klasse junior A. Han gjorde også ein fin innsats, og kom på 4. plass i